



I programmet får vi mellom anna sjå klatring i Nåsø(Arkivfoto: Odd Magne Øgreid)

**Ein ny sesong av suksess-serien 71 grader nord er i gong, og dei to neste programma som vert vist kjem frå Kvinnherad. Opptaka vart gjort i september, og både produsent Odd Syse og programleiar Tom Stiansen uttalte seg den gongen svært rosande om den flotte Kvinnheradsnaturen. I dei to programma får alle TV-sjåarane ta del i den.**

Det er den sjuande sesongen av **'Norges tøffaste kjendis'** som vert sendt på TV Norge. Førstkommande søndag får vi mellom anna sjå filmopptaka som vart gjort på Folgefonna, medan opptaka som vart gjort her i Uskedalen, vert vist søndag 28. februar. Då er Ulvanåsø i sentrum av det som skjer.

Som dei føregåande åra, er det også i år med spreke kjendisar frå idretts- og kulturlivet. Denne gongen har Tom Stiansen med sin gamle alpinkollega Hans Petter Buraas medan dei andre er Siri Kristiansen (TV), Anders Jacobsen (hopp), Cathrine Larsåsen (stavhopp), Jonas Kinge Bergland (komikar), Erlend Elias (stylist), Thomas Ulsrud (curling) og Kristin Størmer Steira (langrenn/friidrett).

Det er ein sprek gjeng som utfordrar Nåsø og Folgefonna. Det vert nok ekstra mange kvinnheringar rundt TV-skjemen under desse to programma. Her kan vi nok trygt sei at flotte naturopplevingar vert tatt inn i stova. Dette vert god Kvinnherads- og Uskedalsreklame!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland